



Statens vegvesen

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Behandlande eining:
Drift og vedlikehold

Sakshandsamar/telefon:
Runa Aaland Eggum / 57655906

Vår referanse:
23/66233-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.05.2023

Varsel om oppstart av planarbeid E16 Slæn – Haugsvik. Utbetring for forsterka vegoppmerking.

Statens vegvesen skal i samarbeid med Voss herad i gang med å lage detaljreguleringsplan for det nemnde prosjektet. Vi ber med dette om innspel til arbeidet.

Skildring av prosjektet

Målet med prosjektet er å betre trafikktryggleiken og framkoma på strekninga. Ein ynskjer å utvide eksisterande veg til 8,5 meter for å etablere forsterka vegoppmerking. Eksisterande vegbreidde varierer innanfor planområdet, og er om lag mellom 6,5 – 7,5 meter brei. Forsterka vegoppmerking har vist seg å vera eit effektivt og rimeleg tiltak mot møte- og utforkøyringsulykker.

Tiltaket medfører naudsynt langsgåande utviding på om lag 1–2 meter på sørsida av eksisterande E16 over om lag 1,4 km. Tiltaket vil også samordnast med andre tiltak ved at ein legg opp til utbetring av kollektivhaldeplassane på strekninga samt ei vurdering av sideterreng og avkøyrslene i området. Prosjektet vil også vurdere utbetring eller utskifting av eksisterande bru og kulvert på strekninga.

Det er vurdert til at reguleringsplanarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing i høve «Forskrift om konsekvensutredningar». Notat med KU-vurdering ligg tilgjengeleg på Statens vegvesen og Voss herad sine heimesider.

Oppstartsmeldinga er tilgjengeleg på nettsida til Voss herad under kunngjeringar (<https://voss.herad.no/tenester/samfunnsutvikling/kunngjeringar/>)

Postadresse
Statens vegvesen
Drift og vedlikehold
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

og på [vegvesen.no](https://www.vegvesen.no) under «Høyeringar vegprosjekt»

(<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/hoeringer-vegprosjekter/>)

Planområdet

Planområdet ligg om lag 1 km aust for Oppheimsvatnet i Voss herad og er om lag 65 daa stort. Det er to reguleringsplanar som vert overlappa; Haugsvik camping planid 2018009 og E16 Nærøydalen planid 12352013008. Planområdet er innanfor kommuneplan for Voss herad 2020–2032, med hovudsakleg arealføremål LNFR/LNF-spreidd bustad, samt fritids- og turistføremål ved Haugsvik camping og Hagatun camping. Kartutsnitt med omriss av planområdet er synt i figur under, men ligg også vedlagt.

Planområdet omfattar gnr/brn: 328/1, 328/2, 328/3, 328/5, 329/1, 329/2, 329/4, 329/20, 330/1, 330/3, 330/4, 330/5, 330/6, 330/7, 330/10, 330/15, 330/18, 330/19, 331/3, 331/4 mfl.



Vil du treffe oss?

I samband med synfaring i området vil representantar for planprosjektet vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål og gje informasjon om prosjektet.

Stad: **Ungdomshuset Haugatun**, Haugsvikvegen 23

Tid: **8.mai 2023** mellom kl. 14:30 –16:30

Framdrift og frist for innspel

Vi ber om at de sender synspunkt, innspel eller relevante opplysningar til oss skriftleg innan **04.06.2023** til:

Statens vegvesen

Pb. 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

eller firmapost@vegvesen.no

Merknader merkast med «E16 Slæn – Haugsvik. 23/66233»

Aktuelt regelverk

Dette varselet er sendt ut i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-8. Planen vert utarbeidd etter §§ 12-3, 12-8 og 3-7.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med:

Prosjektleder Oddvin Hov
Tlf 95253141 eller
e-post: oddvin.hov@vegvesen.no

Planleggingsleder Runa Aaland Eggum
Tlf 95756106 eller
e-post: runa.eggum@vegvesen.no


Drift og vedlikehold vest, Plan og utbygging 1

Med helsing

Oddvin Hov
Prosjektleder

Runa Aaland Eggum
Planleggingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Giljarhuselvi

Lunde

Giljarhus

Lundahovden


Slænsvegen


E16

Haugsvikvegen

Brændesetvegen

---- Plangrense







plangrense